



Vang kommune

ArkivSakID: 17/782
JournalpostID: 20/6318
ArkivID: PlanID-2015003, K2-L12
Saksbehandlar: Erlend Haaverstad

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/20	Kommunestyret	15.10.2020

Vidare planprosess mot sluttbehandling av kommunedelplan Tyinkrysset

Vedlegg:

11.06.2020 Planprosess mot sluttbehandling av KDPL Tyinkrysset 154496

Saksopplysningar:

Saka gjeld den vidare prosessen mot ny høyring og sluttbehandling av kommunedelplan for Tyinkrysset, og oppfølging av den prosessen som vart skissert i notat til kommunestyret i juni 2020 (vedlagt).

Oppsummering frå dialogsamtarar og temadag

2. og 3. september inviterte kommunen alle sentrale aktørar til dialogsamtarar på Eidsbugarden. Dei inviterte var representantar frå grunneigarlag/sameiger, Tyinkrysset Eiendom, Tyin Filefjell Hytteforum, Tyinkrysset Utvikling, Tyin Filefjell Utvikling, Fjellets Fellesgodefinansiering og Tyin Filefjell Turløyper. Vang kommune var representert med ordførar og eit tverrpolitisk utval av politikarar, kommunedirektør, kommunalsjef og planleggjar samt næringsutviklar frå Innovangsjon. Aktørane vart utfordra på å gje sine syn på eksisterande kommunedelplan, forventningar til kommunen og dei andre aktørane, flaskehalsar for å komme vidare og den langsiktige arealdisponeringa.

Kommunedirektøren meinte, og meiner framleis, at god dialog med alle relevante aktørar ville vere noko av nøkkelen for å komme fram til ein kommunedelplan som både politikarar, grunneigarar, næringsliv og investorar har trua på at kan gjennomførast. Dette var bakgrunnen for dialogsamtalane og temadagen, og føremålet med disse var todelt.

For det første var det eit føremål å dele informasjon. Kommunedirektøren har ansvar for at kommunestyret får eit best mogleg avgjerdsgrunnlag i dei saker som vert lagt fram. Det er fleire nye folk både i kommunestyret og administrasjonen som ikkje var godt kjend med denne saka, mellom anna ny varaordførar, hovudutvalsleiar, ein gruppeleiar, kommunalsjef og kommunedirektør. Disse hadde behov for informasjon om kva dei ulike aktørane med interesse i Tyinkrysset meiner om utviklinga av området og kommunedelplanen.

For det andre hadde kommunestyret fatta vedtak om at kommunedelplanen skulle opp til ny sluttbehandling med nokre justeringar. Dette vedtaket var grunna på eit politisk ynskje frå det nye kommunestyret om å komme i gang med noko utvikling i området kring Tyinkrysset Fjellstue. I tillegg signaliserte det nye kommunestyret ei uvisse om dei ambisjonane som låg til grunn for eksisterande kommunedelplan var realistiske i samband med utviklinga i reiselivet, herunder konsekvensar av

koronapandemien. Dette vedtaket opna opp for å gjere ei ny vurdering av planen.

4. september inviterte kommunen til ein temadag med alle dei aktørane som hadde vore med på dialogamtalar og heile kommunestyret. Føremålet med dette var å samle alle aktørane slik at alle kunne få høyre, direkte frå kvarandre, kva dei ulike aktørane meinte ville vere den riktige vegen vidare. I tillegg hadde kommunen invitert tre foredragshaldare, Kjetil Tuv, grunneigar frå Hemsedal, Odd Stensrud, dagleg leiar i Alpinco, og Jostein Gaarderløyken, leiar plan og teknisk Ringebu kommune.

Det var godt oppmøte både på dialogamtalar og temadagen, og det kom gode konstruktive innspel frå alle deltakarar. Nokre innspel kan vere moglege på lengre sikt, men ligg i denne omgang utanfor rammene i tid og areal. Andre innspel kan vere aktuelle å ta inn som endringar, presiseringar eller tillegg i planen. Dei viktigaste innspela er kort oppsummert nedanfor. **Det er viktig å presisere at innspela slik dei er framstilt her enno ikkje er vurdert av kommunen.**

Innspel til kommunen frå dialogamtalar og temadag

Plan

- Kommunen må avklare kva ambisjonsnivå som skal liggje til grunn for denne kommunedelplanen og den vidare utviklinga. Er utvikling av masterplanen eit mål, ein ambisjon eller ein visjon? Eller ingen av delane?
- Vang kommune må definere sine eigne mål og visjonar, ut i frå dei ressursar kommunen rår over og dei verdiar kommunen vil leggje til grunn for utviklinga.
- Fleire meiner at planen er for rigid, detaljstyrt og lite fleksibel i møte med eit framtidig reiseliv og marknad for fritidsbustader.
- Det er viktig å finne ein god ballanse mellom fleksibilitet og fastheit i planen. Noko fleksibilitet er viktig for å kunne tilpasse seg framtidige samfunnsendringar og oppdukkande moglegheiter. Samstundes må kommunen sikre at planen gjev eit føreseieleg grunnlag for utviklarar, investorar, grunneigarar, fritidsbebuarar og næringsliv slik at ein reduserer risiko og gjev insentiv til å satse på utvikling i området.
- «Fastheit i kjernen, fleksibilitet i periferien»

Infrastruktur og refinansiering

- Fleire meiner at nokre grunnleggjande rekkefølgekrav er naudsynt, men at investering og drift av Andstorheisen ikkje er berekraftig for området. Andre meiner dette er mogleg med rett investor. Fleire meiner det er viktigare å oppgradere eksisterande heiser enn å byggje nye.
- Fleire meiner at ei forpliktande avtale om refinansiering kan gje kommunen god nok garanti til å kunne endre rekkefølgekrava.
- Alle meiner det er viktig og naudsynt å få til eit samarbeid om grunnleggjande infrastruktur, og finansiering av denne.
- Fleire meiner at heisdrift ikkje er økonomisk berekraftig utan finansiering frå anna verksemd.

Arealdisponering

- Dei fleste meiner det er viktig å sikre samanheng mellom nord- og sørsida.
- Nokre meiner ein må begynne utviklinga kring dagens sentrum og byggje stein for stein, utvikle område for område. Andre ynskjer heile masterplanen inn med ein gong.
- Nokre grunneigarar/utviklarar ynskjer meir av sitt areal inn i planen.
- Dei fleste er einig i arealavsetjing for alpinformål, men fleire er ikkje einig i rekkefølgekrav på heis. Samanhengen og arealdisponeringa for løypenettet er ikkje godt nok.

- Fleire ynskjer ny vurdering av nokre av dei reguleringsplanane som skal opphevast.
- Føreseieleg og fast line frå kommunen med omsyn til utnyttingsgrad.

Reiseliv

- Meir fokus på sumaraktivitetar og langrenn
- Kva aktivitetstilbod gjev mest næringsgrunnlag?
- Uberørte naturområder vart trekt fram som viktig for reiseliv og fritidsbebuarar.
- Balanse og samanheng mellom høg grad av tomteutnytting og næringsgrunnlag for aktivitetstilbod
- Effektar av koronapandemien – positive og negative for reiseliv og hyttemarknaden.

Prosess

- Dei fleste presiserer kor viktig det er å oppretthalde det gode momentet og få til god dialog og samarbeid vidare.
- Det vert stilt forventningar til kapasitet i kommuneadministrasjonen innan plan- og byggsak.
- Det er ulike syn på kor raskt planen bør kome til sluttbehandling.

6. oktober hadde kommunedirektøren og planleggjar eit uformelt møte med styreleiarar i sameiga og nokre frittstående grunneigarar på «sørsida». Føremålet med dette møtet var å oppretthalde dialogen med dei grunneigarane som har areal i eksisterande kommunedelplan, og få innspel frå dei til prosessen vidare. Kommunedirektøren innleia med ei oppsummering av saka så langt, med dei rammer, føresetnadar, forventningar og handlingsrom som ligg til grunn for vegen vidare.

Kommunedirektøren presiserte kva som var dei overordna måla med den prosessen som no pågår, altså å få til ei heilskapleg utvikling av området med å sikre finansiering av grunnleggjande infrastruktur og tiltak som vil auke verdiskaping og attraktivitet i området. Dette får ein berre til gjennom samarbeid mellom grunneigarane, utviklarar, investorar og kommune. Vidare vart det presisert at det må vere balanse mellom fleksibilitet og føreseielegheit, og at det er ein samanheng mellom detaljgrad frå planmyndigheita og grunneigarforhold med forplikande avtalar om refinansiering.

Fleire av grunneigarane i møtet kunne stadfeste at det positive tankar om at nokre av sameigene og enkelstående teigar på sørsida kunne slå seg saman til eit større sameige, utan at dette så langt hadde vore tatt opp og diskutert formelt i dei ulike sameiga. Det kom spørsmål om dette var noko kommunen også såg positivt på. Dette kunne kommunedirektøren stadfeste. Ei samling eller samarbeidande organisering av sameiga er ein føresetnad for å kunne inngå avtale om refinansiering og sikre ei rettferdig og føreseieleg fordeling av kostnader og inntekter ved utvikling av området.

Kommunedirektøren spurte kor lang tid dei trengte for å få til ei slik organisering. Det er viktig for styreleiarane at ein slik prosess og ei mogleg avgjersle er godt forankra i dei ulike sameiga. Dei bad derfor om tid fram til 1. januar 2021.

Vurdering:

Kommunedirektøren har, jfm. notatet til kommunestyret i juni 2020, lagt vekt på at ein god prosess og kvalitet i planen vil prioriterast høgt. For å sikre framdrift er det avgjerande at kommunedelplanen kjem til politisk behandling slik at arealdisponering og føresegn for utvikling av området får juridisk verknad, og med dette gjev grunnlag for investeringar og utvikling av området.

Kommunedirektøren er av den oppfatning at den pågåande prosessen er positiv, og kan føre fram til ein plan mot målet om å skape fleire arbeidsplassar og eit betre aktivitetstilbod. På bakgrunn av

dette vil kommunedirektøren tilrå at dei aktuelle grunneigarane får tida dei har bedd om til å organisere seg og inngå forpliktande avtalar. Dette vil vonleg sikre kommunen dei naudsynte garantiar for reinvestering, og at ein kan sjå på sentrale element i planen med nye auge.

Det er viktig at kommunen er tydelege på kva forventningar ein har til grunneigarane i tida fram til 1. januar 2020, slik at det ikkje oppstår store avvik mellom forventningar og resultat. Samstundes må ikkje forventningane vere høgare enn at grunneigarane maktar i innfri dei.

Parallelt med at grunneigarane jobbar med organisering og forpliktande avtalar vil administrasjonen jobbe med å forbetre planen basert på dei innspela som har komme inn. Dette gjeld mellom anna arealdisponering og føresegn for langrennsløyper og sumaraktivitetar. Det gjeld og ei ny vurdering av dei reguleringsplanane som skulle opphevast. Nokre av dei er det openbart at ikkje har livets rett, medan andre kan vere mogleg å vidareføre med nokre endringar. Dette er noko administrasjonen vil sjå nærare på i samråd med grunneigarar eller dei som har opsjon på området.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang følgjer tilrådinga til kommunedirektøren, og vedtek følgjande:

- Grunneigarane i området får tida fram til 1. januar 2020 til å organisere seg slik at dei kan inngå forpliktande avtalar om refinansiering.
- Kommunestyret sett som ei føresetnad at det skal vere signert ei forpliktande intensjonsavtale, med eit tilstrekkelig bidrag til reinvestering, før det er aktuelt å endre på rekkefølgekrava i kommunedelplanen.
- Kommunedirektøren skal, på førespurnad frå grunneigarane, bidra med ressursar og kompetanse for å støtte grunneigarane i arbeidet med organisering og avtaleverk.

Kommunestyret 15.10.2020:

Behandling:

Nytt framlegg til vedtak frå BIV og SP, foreslått av Kristin Bakke Lajord, Senterpartiet
Kommunestyret i Vang ber administrasjonen om å arbeide fram eit forslag til ytre grense for ny kommunedelplan Tyinkryssset. Dette arbeidet skal ha masterplankartet og innspel frå dialogmøter som grunnlag. For å bidra til aktivitet i området ber kommunestyret administrasjonen om å utgreie hvilke reguleringsplaner det vil vera formålsteneleg å vidareføre i ny kommunedelplan. Kommunestyret ber om at dette arbeidet skal leggest fram for kommunestyret i februar møte 2021. Kommunestyret vedtek ein forventning om at grunneigarar/utbyggjarar parallelt med administrasjonen sitt arbeid, arbeidar med forslag til intensjonsavtale som sikrar bidrag til reinvestering.

Kommunedirektøren skal, på førespurnad frå grunneigarar bidra med ressursar og kompetanse for og støtte grunneigarane i dette arbeidet.

Om nødvendig åpnar kommunestyret for bruk av ekstern kompetanse/kapasitet i planarbeidet framover.

Tillegg til framlegg til vedtak, foreslått av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet

Kommunedirektøren skal i sama periode jobbe med å avklare yttergrenser for revidert kommunedelplan og vurdere opphevinga av reguleringsplaner. Kommunedirektøren skal også i sama periode vurdere eventuelle andre innspill etter dialogmøtene.

Framlegga vart stilt opp i mot kvarandre og stemt over:

Framlegg til vedtak med tillegg frå Arbeiderpartiet vart vedteke med 10 stemmer mot 6.

Vidar Eltun (AP)

Marta Bjørnøy Lalim (AP)

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Grete Aasheim (AP)

Leif Søndrol (AP)

Bjørn Marie Hermundstad (AP)

Torill Gulbransen (AP)

Elisabeth Myhre (AP)

Ove Martin Stende (AP)

Erlend Eggen (MDG)

Nytt framlegg til vedtak frå Senterpartiet og Bygdelista i Vang:

Geir Kongslie (SP)

Marit Andrisdotter Kvam (SP)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Stein Inge Sæternes (BIV)

Elisabeth Hålien (BIV)

Leif Solemsli (BIV)

Tom Kjetil Tørstad (SP) stilte spørsmål ved sin habilitet, han vart erklært inhabil jf. forvaltningslova §6, 5 stemmer mot 12. Representanten forlèt bordet under handsaming av saka.

Desse stemte i mot inhabilitet:

Marit Kvam (SP)

Geir Kongslie (SP)

Leif Solemsli (BIV)

Elisabeth Hålien (BIV)

Stein Inge Sæternes (BIV)

Det blei stilt spørsmål om Bjørn Marie Hermundstad (AP) og Leif Solemsli sin habilitet, dei vart erklært habile jf. forvaltningslova §6 . 1 stemme mot 13.

Mot: Geir Kongslie (SP)

KS- 069/20 Vedtak:

Kommunestyret i Vang følgjer tilrådinga til kommunedirektøren, og vedtek følgjande:

- Grunneigarane i området får tida fram til 1. januar 2020 til å organisere seg slik at dei kan inngå forpliktande avtalar om refinansiering.
- Kommunestyret sett som ei føresetnad at det skal vere signert ei forpliktande intensjonsavtale, med eit tilstrekkelig bidrag til reinvestering, før det er aktuelt å endre på rekkefølgekrava i kommunedelplanen.
- Kommunedirektøren skal, på førespurnad frå grunneigarane, bidra med ressursar og kompetanse for å støtte grunneigarane i arbeidet med organisering og avtaleverk.

Kommunedirektøren skal i sama periode jobbe med å avklare yttergrenser for revidert kommunedelplan og vurdere opphevinga av reguleringsplaner. Kommunedirektøren skal også i sama periode vurdere eventuelle andre innspill etter dialogmøtene.

